

Sunnhordlandskalendarer
2007



Gudveig Baldersheim



Magne Kjellesvik – "Moster gamle kyrkje"

Sunnhordlandskalendareren

JANUAR 2007

TANKESTEIN

Å sitte på en tankestein,
lytte til kråkemålet i skogen
og rusten nordavind

Selv om vintermørket eter
seg inn i kroppen,
maler snart solen varme penselstrøk
på skyggesiden av livet

Bekken vil nynne i dur
og trekkfuglene montere
lystige serenader i greinverket

Ennå er steinen kald under rumpen
og tankene trasker på mørke stier
noen måneder til

Truls Horvei

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
1	1	2	3 ^o	4	5	6	7
2	8	9	10	11 ^o	12	13	14
3	15	16	17	18	19 ^o	20	21
4	22	23	24	25 ^o	26	27	28
5	29	30	31				



Bjørg Strømme – "Til fjells"

Sunnhordlandskalendareren

FEBRUAR 2007

FJERN SOL

*vårsolen for fjern
langt borte er de nytelsesfulle
dagene
vi burde seilt av sted
til andre siden av kloden
der sanden er et kart og
stjernene ømme munnar*

*som kjærtegner vekk mørket
under øynene
blåser tropevarme i fjeset
løfter sjelens glass mot lyset*

Truls Horvei

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
5				1	2 [○]	3	4
6	5	6	7	8	9	10 [○]	11
7	12	13	14	15	16	17 [●]	18
8	19	20	21	22	23	24 [○]	25
9	26	27	28				



K. Eggøy - 06

Kristi Eggøy - "Innseiling Kolbeinshavn"

Sunnhordlandskalendareren

MARS 2007

Umogeleg kjærleik

I natt
eg drøymde
om ein kjærleik

som møttest

i to blikk
i ein døropning

i to forsiktige smil
gjennom ei glasrute

i to kroppar
som gjekk forbi kvarandre

om ein kjærleik

som dei visste
berre kunne fyka
med fuglen
på linne vindar

Magne Heien

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
9				1	2	3 ^o	4
10	5	6	7	8	9	10	11
11	12 ^o	13	14	15	16	17	18
12	19 ^o	20	21	22	23	24	25 ^o
13	26	27	28	29	30	31	



Olav Høgestøl – "Idyll ved Onarheimsfjorden"

Sunnhordlandskalendareren

Du kan undra deg.....

Om du tek turen langsmed
den steinute stranda
ein solfylt vårdag, får du auga på det kvite,
gamle huset som ligg like ved.
Havet og sola speglar seg i vindauga,
og du høyrer pianospel.
Det er som om vindauga står ope,
men ser du betre etter, er dei lukka.

Du undrar deg kven som bur der,
og det er som om du fornemmer noko magisk.
Desse tonane som fyller den skarpe vårlufta,
saman med måkene som skrik.

Spør du lokalbefolkninga om det kvite,
gamle huset,
som ligg like nedved den steinute stranda,
snur dei seg bort og blir tause.

For det kvite, gamle huset eksisterer ikkje meir.
Havet tok det med seg ei stormfull
novembarnatt
for mange, mange år sidan.

Så du kan undra deg der du går...
langsmed den steinute stranda
ein solfylt vårdag.

Maren Sofie Strømme

APRIL 2007

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
13							1
14	2 ^o	3	4	5	6	7	8
15	9	10 ^o	11	12	13	14	15
16	16	17 ^o	18	19	20	21	22
17	23	24 ^o	25	26	27	28	29
18	30						



Harald Warberg – "Fjelberg Prestegard"

Sunnhordlandskalendareren

MAI 2007

Slå motoren av, gli stille inn.
Her må ikkje freden brytast.

Kyrkja står der, andar fred.
Verna av gamle, trauste tre.

Me må ikkje trø i graset!

Margot Nilsen

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
18		1	2 ^o	3	4	5	6
19	7	8	9	10 ^o	11	12	13
20	14	15	16 ^o	17	18	19	20
21	21	22	23 ^o	24	25	26	27
22	28	29	30	31			



Åse Ottesen – "Flåtahjørna"

Sunnhordlandskalendareren

JUNI 2007

BRENNMANET

*brennmaneten
en oransje klode
i havet*

*en rytmisk eksplosjon
som gynger gjennom
morildmørket med giftig
brudeslør*

*alles fiende
danser som en vakker
dødsdronning*

*svir av sine skudd
mot hvite legger og lår
sommerens røde sår*

Truls Horvei

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
22					1 [○]	2	3
23	4	5	6	7	8 [●]	9	10
24	11	12	13	14	15 [●]	16	17
25	18	19	20	21	22 [●]	23	24
26	25	26	27	28	29	30 [○]	



Torild I. Børretzen – "Bøar i Etne"

Sunnhordlandskalendareren

JULI 2007

Ein Skapardag

Bylgja møter stranda
Blikket møter havet.

Musikk

Rytmen parer tonen

Maleriet fødes
Morsgleda dansar

Torild Inger Børretzen

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
26							1
27	2	3	4	5	6	7 [◦]	8
28	9	10	11	12	13	14 [◦]	15
29	16	17	18	19	20	21	22 [◦]
30	23	24	25	26	27	28	29
31	30 [◦]	31					



Sigurd Søreide – "Naust"

Sunnhordlandskalendareren

Strengabunten

Han heng
på ein gamal
brakjestaur
utåt eit bergfall
høgt oppi marka

strengabunten

rusten
og med furunåler på
som eit gamalt skjegg

men enno heil

og ventar, ventar
på at menneskehender
skal koma

år har gått
år kjem

Strengabunten

vert berre
eit minnesmerke
eit bortgøymd merke
om ei svunne tid

Magne Heien

AUGUST 2007

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
31			1	2	3	4	5 [○]
32	6	7	8	9	10	11	12 [●]
33	13	14	15	16	17	18	19
34	20 [○]	21	22	23	24	25	26
35	27	28 [○]	29	30	31		



Olav Høgestøl – "Kronhjort i Tysnesmarka"

Sunnhordlandskalendareren

Denne Dagen

Han er alt gamal denne dagen
ute er det blitt kveld.
Dei er så korte desse dagane,
men rommar så mykje lell.

Når dagen er ny, me tenkjer,
og planlegg kvar minste stund.
Men alt etter halve dagen,
er denne planen gått sund.

Me gler oss, ergra oss, anka,
og håpar at dagen blir lik dagen før.
Den kjenner me alt, og blir ikkje
redd for det me veit frå før.

Den er så STOR denne dagen,
eg venter ein telefon.
Og det eg høyrte frå røret
var ei røyst, nett komen til vår jord.

No er det natt der ute,
eg kryp under dyna mi,
og tenkjer på stort og lite
som har fare forbi.

Ein iskald fot smyg seg stille
bort til han eg har kjær,
prøver å ikkje vekkje,
berre være nær.

Britt Marit Høgestøl

SEPTEMBER 2007

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
35						1	2
36	3	4 [°]	5	6	7	8	9
37	10	11 [•]	12	13	14	15	16
38	17	18	19 [°]	20	21	22	23
39	24	25	26 [°]	27	28	29	30



Marit Tislevoll Odland – "Finnås-kanalen"

Sunnhordlandskalendareren

OKTOBER 2007

Kor lang er ein time?

Kor lang er ein time?

Nok tid til å laga middag!

Nok tid til å skjenna på eit barn!

Nok tid til å snakka stygt om naboen din!

Nok tid til å overbevisa han om

at han er eit godt menneske!

Så lang er ein time!

Helga Storedale Tjønn

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
40	1	2	3 ^o	4	5	6	7
41	8	9	10	11 [•]	12	13	14
42	15	16	17	18	19 ^o	20	21
43	22	23	24	25	26 ^o	27	28
44	29	30	31				



Jon Olav Rolfsnes – "Slåtterøy fyr"

Sunnhordlandskalendareren

NOVEMBER 2007

Midnatt

Her ligg han i det mørke rommet
han sov i som barn.

Vaken mens kona hans søv
i månelysset nærast vindauga.

Her er betre nå enn den gong
han sov her som barn.

Også når han tenkjer attende
på ruskeveret kring huset
i vakenettene den gong
er det godt å liggje her vaken nå.

Einar Økland

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
44				1 [○]	2	3	4
45	5	6	7	8	9	10 [●]	11
46	12	13	14	15	16	17 [○]	18
47	19	20	21	22	23	24 [○]	25
48	26	27	28	29	30		



Harald Warberg – "Jul i Landsbyen"

Sunnhordlandskalendareren

DESEMBER 2007

Kjærleikssong

*Det er stille natt.
Høyr våre hjerter.
Dei syng i lag,
den same rolege melodi.
Dei syng ein song
om tro og håp
for vår kjærleik.*

Lillianne Marita Bidne

VEKE	M	T	O	T	F	L	S
48						1 ^o	2
49	3	4	5	6	7	8	9 ^o
50	10	11	12	13	14	15	16
51	17 ^o	18	19	20	21	22	23
52	24 ^o	25	26	27	28	29	30
1	31 ^o						

Kunstnarane

Bjørge Strømme
Fitjar, fødd 1942

Bjørge Strømme er utdanna faglærer i forming. I 2001 starta ho å mala, og valget fallt då på akvarellmalinga sine utfordringar. Før det arbeidde ho med tekstilar. Ho meistrar både det naturalistiske og det abstrakte biletspråket over mot det dekorative biletet. Det kjem ofte fram i motiv-uala hennar at ho er interressert i gamle kulturskattar, både lokalt og internasjonalt. Bjørge likar fargar og ho får fram heilt spesielle lysverknader i bileta sine. Ho har hatt sju separate utstillingar, deltatt på fleire fellesutstillingar. Frå Hordaland fylke har ho mottatt 2 reise- og studiestipend (2000 og 2002). Bjørge har og vore på studiereiser til London, Paris, Roma, Island og MNK-festivalen på Inderøya, Nord-Trøndelag.

Gudveig Baldersheim
Halsnøy Kloster, fødd 1954

Gudveig Baldersheim er opprinneleg frå Sunnfjord, men bur på Halsnøy der ho arbeider som hjelpepleiar. Gudveig har delteke på ei rekkje kurs både privat og i regi av Friundervisninga. Ho driv både med akvarell- og porselensmaling.

Harald Warberg
Sunde, fødd 1944

Harald Warberg arbeider helst med olje- og akrylmaling, men første utstillinga hans var akvarellmaleri. Harald er sjølvlært og har vore med på fleire utstillingar i Stavangerområdet. I tillegg har han hatt to separatutstillingar i Oslo, samt utstilling i Fjelberg Prestegard sommaren 2004. I fjor starta han opp med malerkurs for både nybyrjarar og vidarekomne.

Jon Olav Rolfsnes
Bømlo, fødd 1988

Jon Olav Rolfsnes er 18 år. Han bur på Foldrøy og går på Bømlo vidaregåande skule på allmenn påbygg. Å mala lærte Jon Olav då han byrja på formgjeving grunnkurs. Han driv litt med teikning og, og har teikna sidan han var liten. Fram til no er dette ein hobby, men kan vera godt å ha med seg seinare i andre jobbar.

Kristi Eggøy
Austevoll, fødd 1979

Kristi Eggøy er fødd og oppvaksen på Selbjørn i Austevoll kommune. Farslekta hennar stammar frå Fitjarøyane, nærare sagt Eggøy. Kristi flytta ut av kommunen som 16-åring for å ta utdanning. Ho vendte attende til Austevoll for tre år sidan, ferdig utdanna lærar i kunst og handverk. For tida arbeider ho på Selbjørn skule, ein kombinert skule der ho underviser i kunst og handverk frå 3. til 10. trinnet. Kristi har hus heilt sør på Selbjørn, der ho på godversdagar har ein fantastisk utsikt over Selbjørnsfjorden og Fitjarøyane.

Magne Kjellesvik
Stord, fødd 1949

Magne Kjellesvik er fødd og oppvaksen på Tysnes, men har sidan 1976 budd og arbeidd på Stord. Han har utdanning frå Bergens Kunsthåndverksskole og Statens Lærerskole i forming, Notodden. Sidan 1985 har han arbeidd på heiltid som biletkunstnar. Teknikkane han nyttar er grafikk og akvarell/gouache. Magne har hatt ca. 40 separatutstillingar sidan 1977 og har delteke på ei rekkje juryerte utstillingar (Haustutstillinga, Vestlandsutstillinga, Sunnhordlandsutstillinga m.fl.). Bileta hans er innkjøpt av m.a. Norsk Kulturråd, Bergen Billedgalleri, Haugesund Billedgalleri. Medlem: Norske Billedkunstnere, Norske Grafikere.

Marit Tislevoll Odland
Stord, fødd 1960

Marit Tislevoll Odland er busett på Leirvik. Ho jobbar for tida som interiørarkitekt hjå Link Signatur AS på Stord. I tillegg til at ho har hatt ein del separatutstillingar har ho og delteke på ulike lokale utstillingar. Utdanninga har ho teke ved Rogaland Kunstscole i Stavanger (1980-82).

Olav Høgestøl
Tysnes, fødd 1950

Olav Høgestøl bur på Lundegrend. Han har mala sidan ungdomsåra, mest med olje, landskapsmaleri. Olav har delteke på lokale utstillingar og hatt ein god læremeister i sin onkel, Jens Tøedt. Av yrke har han vore bonde i 20 år, men arbeider no i oljeindustrien.

Sigurd Søreide
Stord, fødd 1951

Sigurd Søreide er utdanna adjunkt og arbeider i grunnskulen med forming som eit av hovudfaga. Mest all fritida hans går med til maling og kunstaktivitetar. Sigurd har ei 1/2 årseining i forming, malarkurs med Øyvind Sand og Gunnar Nygård samt kurs med Elsa Eikaas, Lansarote. Han har halde fleire utstillingar: 3 generasjonar Søreide (Inga, Birger og Sigurd Søreide) i 2001, separatutstilling i galleri SI, Fitjar, separatutstilling i Bømlo Kunstlag, Sommarutstillinga, Stord, Fokus Bank, Stord, Sparebanken Vest, Fitjar og delteke ved Sunnhordlandsutstillinga fleire år. Søreide sine verk er innkjøpt av fleire kommunar, bedrifter og bankar. Han har i tillegg hatt ulike utsmykkingsoppdrag.

Torild I. Børretzen
Etne, fødd 1951

Torild I. Børretzen bur i Bergen, men er opprinneleg frå Etne. Ho er utdanna ved Vestlandets Kunstakademi, maleri og grafikk, og Bergens Kunsthåndverksskole, keramikk. Torild har delteke på Vestlandsutstillinga og Hordautstillinga. Ho har hatt ei rekkje separatutstillingar og er innkjøpt av Etne kommune, Stord kommune og Norsk Kulturråd. I hovudsak arbeider ho både med akvarell, pastell, olje og akryl. Torild er glad i å mala blomar og landskap, men jobbar og med ting som har symbolverdi, t.d. konkylier, skjell, fjør og liknande.

Åse Ottesen
Førde, fødd 1948

Åse Ottesen er fødd og oppvaksen i Haugesund, men flytta i 1978 til Førde. Ho har drive med teikning og maling så lenge ho kan hugsa, og er sjølvlært. I tillegg til å mala arbeider ho med leire. Åse har eigen keramikkkverksstad og leverer blant anna til Galleri Tempera i Haugesund. I 2003 deltok ho på utstilling på Ryvarden Fyr. Ho er og med på den årlege Sveio-utstillinga samt andre lokale utstillingar.

Britt Marit Høgestøl
Tysnes, fødd 1955

Britt Marit Høgestøl har skrivde dikt i ca 10 år. Det er store hendingar og stemningar som inspirerer ho mest. Ho har hatt nokre dikt på trykk i lokalavisa "TYSNES".

Einar Økland
Valevåg, fødd 1940

Einar Økland er busett på Økland, Valevåg, og har vore forfattar på heiltid sidan 1966. I 1963 debuterte han med diktsamlinga "Ein gul dag". Einar har seinare gjeve ut nærare 50 bøker for både born og vaksne.

Helga Storedale Tjønn
Stord, fødd 1934


Helga Storedale Tjønn er fødd og oppvaksen i Ølve, men har dei siste 30 åra vore busett på Stord. Ho er utdanna adjunkt. I år 2000 ga ho ut ei bok, "På Sinai fjell i Blåplommedalen og andre forteljingar", og i 2003 ei bok med dikt og noveller kalla " Tulipanane".

Lillianne Marita Bidne
Husnes, fødd 1960

Lillianne Marita Bidne bur på Husnes. Ho er hobbymalar med helgekurs i akvarell og eit kurs i akrylmaling. Ho skriv og små dikt.

Magne Heien
Utåker, fødd 1955

Magne Heien er fødd og oppvaksen på Voss, men har vore busett i Kvinnherad sidan 1980. Han har utdanninga si frå Norges Idretts-høgskule i Oslo og Distriktshøgskulen i Sogndal. I dag arbeider han som lærar ved Kvinnherad vidaregåande skule på Husnes. I tillegg er han småbrukar og driv husdyrhald med sau og geit. Mykje av inspirasjonen til dikta sine hentar han frå lange turar i heimlege fjell og frå jakt i skog og mark. Magne har hatt dikt med i Sunnhordlandskalenderen sidan 1997.



Motiva til kalenderen 2007

Forside

Januar

Februar

Mars

April

Mai

Juni

Juli

August

September

Oktober

November

Desember

Gudveig Baldersheim

Magne Kjellesvik

Bjørge Strømme

Kristi Eggøy

Olav Høgestøl

Harald Warberg

Åse Ottesen

Torild I. Børretzen

Sigurd Søreide

Olav Høgestøl

Marit Tislevoll Odland

Jon Olav Rolfsnes

Harald Warberg

Maren Sofie Strømme
Bergen, fødd 1964

Maren Sofie Strømme er utdanna frisør. Ho er og godkjent interiørkonsulent, frå Kunstskolen i Bergen, KIB. Maren Sofie sine bilete minner om vindauga som gir glimt ut mot ei fargerik verd og kultur. Med ein fargerik palett måler ho bileta, og ho overlet til sjåaren å finne si eiga visuelle reise. Maren Sofie sine reiser til framande kulturar er inspirasjonskjelder i mange av bileta hennar. Utstillingar: ho har hatt ni separatutstillingar, vore med på åtte fellesutstillingar og var gjesteutstillar i Sæbøtunet, Etne-marknaden 2005. Studiereiser: Island, Hellas og Egypt. I tillegg leikar ho seg med ord som blir til dikt!

Margot Helene Nilsen
Sunde, fødd 1924

Margot H. Nilsen er fødd og oppvaksen på Sunde. Ho har skrivde ein del prologar og dikt opp gjennom åra til "husbruk".

Truls Horvei
Stord, fødd 1957

Truls Horvei er fødd og oppvaksen i Bergen. Han arbeider som kulturjournalist i Haugesunds Avis. Truls debuterte i 1988 med diktboka «Havfruehester». I alt har han gitt ut fem diktbøker, to ungdomsromanar samt tre cd-utgjevingar med lokale musikarar. Den siste, "Haikutronics" kom hausten 2005.

Kvinnherad

Stord

Fitjar

Austevoll

Tysnes

Kvinnherad

Sveio

Etne

Stord

Tysnes

Stord

Bømlo

Kvinnherad

Sunnhordlandskalenderen 2007

Idé, opphavsrettar og tilrettelegging:

Kontaktpersonar:

Layout:

Sats, montasje og trykk:

Datahjelp AS, 5457 Høylandsbygd, tlf. 53 48 30 30, fax 53 48 30 50.

Bente Kviteberg, tlf. privat 53 47 71 09, Camilla Emmerhoff, tlf. 53 48 90 48.

Artvik, Sunnhordland Reklamebyrå, 5470 Rosendal, tlf. 53 48 18 11.

Erik Tanche Nilssen AS, 3700 Skien, tlf. 35 90 40 00.